



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/24496-11

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.07.2019

Merknad til offentlig ettersyn av reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka – gnr. 22 bnr. 85 – Meland kommune

Vi viser til offentlig ettersyn av reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka, gnr. 22 bnr. 85, i Meland kommune. Statens vegvesen har fått utsett merknadsfrist til 23.juli 2019.

Formål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for i alt 19 bustader med tilhøyrande infrastruktur og leikeplass. Føremålet er i samsvar med kommuneplanens arealdel, og kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Tilkomst til planområdet

Planområdet har tilkomst frå fv. 564 via Mjåtveitmarka og Tjørnavegen. Etter det vi er kjent med er desse vegene private i dag, men dei er regulert til offentlig veg og det er venta at kommunen skal overta som vegeigar. Slik situasjonen er i dag, må ein søkje Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av avkjørsle om ein vil byggje ut i området.

Statens vegvesen har i merknad til oppstart skrive at krysset mellom fv. 564 og Mjåtveitmarka må utbetrast om fleire einingar enn allereie planlagd skal knyte seg til. Vi bad difor om at krysset vart innlemma i planområdet.

I framlegg til reguleringsføresegn § 3.13.1.c står det:

«Før det kan gjevast bruksløyve for nye bueiningar skal utbetring av kryss Rosslandsvegen/Tjørnavegen vere opparbeida eller sikra opparbeida etter Statens vegvesens krav.»

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Etter vår vurdering må kravet om utbetra infrastruktur vere knytt til igangsetjing av tiltak, istadenfor ved bruksløyve. I fleire saker har ein sett at tiltak vert sett i gang, der realisering av rekkefølgjekrava er langt fram i tid. Dette gjev uheldige situasjoner der familier ikkje kan flytte inn i ferdige bustader. Statens vegvesen krevjer difor at kommunen endrar føresegna, slik at det er knytt til igangsetjing av tiltak.

Statens vegvesen meiner vidare at det er uheldig at rekkefølgjekravet er knytt til tiltak som ikkje er klart definert, regulert og kostnadsrekna. Dette gjeld og kostnadsdeling av tiltaket på dei ulike interessentane, for å vurdere om tiltaka er berekraftig. Dette er ein vesentleg mangel ved reguleringsplanen og samordninga av planarbeida i området.

Andre merknader



Eksisterande avkøyrsløse frå fv. 564 til gnr. 22 bnr. 93 er foreslått stengt, som vist i illustrasjon til venstre. Føresegn § 3.12.4 f. er knytt til stenginga:

«Fysisk hinder med bom i o_SVG4 for trafikk mot fylkesvegen skal vere etablert»

Vi meiner det vil vere ei betre løysing for mjuke trafikanter å flytte stengesymbolet til o_SVG3, mellom gang- og sykkelvegen og fv. 564, og å fjerne kravet om bom. Det opnar for å finne andre løysingar for stenginga. Vi tilrår samstundes å regulere ein gangveg gjennom o_SVG4.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Trond Hollekim
fung. seksjonsjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN